

Steinreiskap og samar i vikingtida

ISLAND
ELDAR HEIDE

Det var interessant å lesa artikkelen til Ottar Fyllingsnes tidlegare i sommar om dei arkeologiske utgravingane på Aust-Island. Særleg interessant var det å lesa at det er funne «steinar som er forma for å fungera som knivar, skraper eller høvlar», altså steinreiskap – som på Island ikkje kan bortforklarast som «ureining» frå djupare, førhistoriske kulturlag. Island var jo uoppdaga før vikingtida, så funn av steinreiskap der inneber at dei som kom dit, hadde steinreiskapsteknologi som ein del av sin kultur. I vikingtida. Det er spennande!

Men når den intervjuar arkeologen, Bjarni F. Einarsson, seier dette tyder på at det var samar blant landnåmsmennene, er det nødvendig å protestere.

At det var samar blant dei som vandra ut til Island i vikingtida, er det all grunn til å tru, slik mellom andre Alf Ragnar Nielssen ved Nord universitet har vist i si forskning. Men steinreiskap blant landnåmsmennene er ikkje noko argument for det. Eit slikt resonnement føreset eit syn på samane som er fullstendig utdatert. Det rike arkeologiske materialet frå Kjelmøya i Sør-Varanger inneheld nokre av dei aller eldste jarnfunna i landet, frå midten av det siste tusenåret før Kristus. Kontakten austover gjorde at (förfedrane til) samane hadde jarn (minst) like tidleg som germanarane sør i dagens Noreg. Rett nok gjekk det 100 år før ein klarte å datere

Kjelmøy-funna så tidleg som dei skulle, på grunn av ideen om at samane som naturfolk måtte vera tilbakeliggjande og dessutan ha fått alle kulturimpulsar frå «oss» i sør, langs kysten. Men no er det mange tiår sidan ein fekk rydda opp i dette, så resonnementet ikring dei islandske steinreiskapane er overraskande.

I vår tid, der «ny» er synonym med «betre», er det lett å tenkje at så snart folk har fått tilgang til noko nytt med betre bruksegenskapar, så går dei over til det. Men dei islandske funna inneber at folk i Norden heldt fram med å bruke steinreiskap i minst to og eit halvt tusen år etter at dei fekk dei fyrste metallreiskapane. Grunnen må vera at det sjeldan er absolutte svar på kva som er best. Det skil seg med kva ein legg vekt på. Kanskje er det nye for dyrt, i pengar, tid eller risiko, og kanskje er det ikkje betre til alt?

På Orknøyane har folk laga tau av martaum, altså ein tangart, heilt fram mot vår tid. Slike tau kan umogeleg vera særleg strekkfaste eller slitesterke. Men råmaterialet er gratis, og tauet kan lagast på staden når ein har bruk for det. På Nydamskipet frå tidleg på 300-talet er borda klinka i hop med jarnnaglar (framleis kalla saum), ikkje sydde i hop med snøre av plantefiber, slik ein alltid gjorde tidlegare. Men framleis så seint som på 1700-talet brukte ein syteknikken til og med på svære lasteskip, i Austersjøen og Kvitsjøen. Elvebåtar vart sydde langt inn på 1900-talet. Dette var ikkje

fordi ein ikkje hadde tilgang til jarn, eller ikkje visste at jarn var sterkare. Men i førindustriell tid var jarn kostbart, og båtar klinka med jarnsaum blir ein god del tyngre. På elvebåtar, som gjerne skal berast forbi fossar, er det eit stort minus. Emne til steinreiskap kan ein òg i mange tilfelle finne på staden, slik at ein kan improvisere reiskapen ein treng. (Dag og Tid-artikkelen seier ingen ting om kva slag stein den islandske steinreiskapen er laga av, men der burde i alle fall vulkansk glas og skifer vera aktuelle.) Her kan somme innvende at eggjar av stein er mindre sterke og varige enn eggjar av stål, og sjeldan like kvasse. Ja, men til ein del bruk kan eggjar med andre eigenskapar vera betre. Dei som har arbeidd litt med skiferkniv, seier at det er betre enn stålkniv til å flå med. Den mjuke, men jamne og breie eggja held seg mellom skinnen og hinnene på kjøtet, i staden for å skjera hol. Tilsvarande kan ujamne eggjar av harde bergartar vera betre å skrapa med enn jamne ståleggjar. Enno i dag er det populært å steike mat over glødande trekol, trass i at det finst gassgrill og at elektriske komfyrar har vore tilgjengelege i over 100 år, vedkomfyrar mykje lenger, og kjelar til koking har funnest sidan lenge før Norden vart isfri. «Best» er altså eit svært relativt spørsmål.

Eg gler meg til kva arkeologane framover finn ut om steinreiskap etter steinalderen, no som det er slått fast at steinteknologi levde vidare jansides metallteknologi i svært lang tid.